

# **ORDENSREGLAR, TUV SKULE**

## **Opplæringslova seier:**

### **§ 2-9 Ordensreglement og liknande**

*"Kommunen skal gi forskrifter om ordensreglement for den enkelte grunnskolen. Reglementet skal gi reglar om rettane og pliktane til elevane så langt dei ikkje er fastsette i lov eller på annan måte. Reglementet skal innehalde reglar om åtferd, reglar om kva tiltak som skal kunne brukast mot elevar som bryt reglementet og reglar om framgangsmåte når slike saker skal behandlast. Ordensreglementet skal gjerast kjent for elevane og foreldra. Kravet i § 38 første ledet bokstav c i forvaltningslova om kunngjering i Norsk lovtidend gjeld ikkje.*

*Fysisk refsing eller anna krenkjande behandling må ikkje nyttast.*

*Før det blir teke avgjerd om refsing, blant anna om bortvising, skal eleven ha høve til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerdar"*

## **MÅLET MED ORDENSREGLANE**

Me ynskjer at skulen skal vera ein god arbeidsplass for alle der elevane har ei positiv innstilling til læring. Vilkår for dette er tryggleik/trivsel, godt samarbeid og at alle viser ansvar og sjølvstende. Skal vi kunna utføra arbeidet vårt skikkeleg må vi ta omsyn til kvarandre, og saman gå inn for å halda orden, både i våre eigne saker og i det vi har felles.

## **ORDENSREGLAR:**

1. Du skal vise god atferd og respekt mot andre.
2. Du skal ikkje forstyrre undervisninga og prøve ditt beste
3. Du skal kome tidsnok til timane.
4. Du skal vere roleg inne på skulen.
5. Du skal behandle alle ting fint og rydde etter deg.

## **HUGS: Du er her for å lære mest mogleg.**

## **KONKRETISERING AV ORDENSREGLANE**

- Det er nulltoleranse for mobbing på skulen.
- Du må ha løyve frå vaksne for å forlata skulen sitt område i skuletida..
- Yttertøy skal hengja i gangen.
- Sykkel, rullebrett og rulleskøyter skal ikkje nyttast i skuletida.
- Mobiltelefon og privat bruk av internett skal ikkje nyttast i undervisninga.
- Snøballkasting er lov på anvist plass.
- Upassande munnbruk skal ikkje nyttast på skulens område eller ved arrangement i regi av skulen.

**Sanksjonar: Brot på skulen sine reglar kan føre til:**

- Kontakt med heimen.
- Gi pålegg om å rette opp skade som er påført skulen eller andre sin eigedom eller eigendalar.
- Munnleg/skriftleg åtvaring frå lærar.
- Munnleg/skriftleg åtvaring frå rektor.
- Bortvisning frå gruppe for resten av timen/arbeidsdagen etter lærar/rektor si avgjerd.
- Bortvisning frå skulen for resten av skuledagen etter rektor si avgjerd.
- Elevar/klassar må erstatta eller vera med på å reparera materiell dei/klassa har vore med på å øydeleggja.
- Gi pålegg om å vere saman med en voksen i friminutt

**Framgangsmåte ved brot på ordensreglane**

- Behandling om brot på ordensreglement følgjer lovføresegn i opplæringslova § 2-9 og 2-10. samt saksbehandlingsreglane i forvaltningslova der kor det fattast enkeltvedtak. Det er dei mest alvorlege refsingstiltaka som vil innebere at det blir fatta enkeltvedtak.
- Den lærar eller assistent /barne- og ungdomsarbeidar som oppdagar brot på ordensreglane må vurdere kor alvorleg situasjonen er, og vurdere eventuelle tiltak.
- Ved alvorleg brot på ordensreglane skal rektor informerast.
- Det skal gjerast ei individuell vurdering om kva slags sanksjonar som skal iverksetjast.
- Ved alvorleg brot på ordensreglane skal heimen ha beskjed i løpet av kort tid. Kontakt med heimen skal primært skje via telefon. Ved mindre alvorlege brot skal heimen få beskjed i konferansesamtalen.

**Bortvisning skal skje etter opplæringslova § 2-10**

- Det er bare rektor som har denne myndigheita.
- Foreldra skal bli varsle før bortvisning skjer.
- Det skal skrivast enkeltvedtak.

---

Dato, sted, underskrift  
Rektor, Tuv skule

---

Dato, sted, underskrift  
Fau.leiar, Tuv skule